

# Junior-NM 2024



♦ Fredag 18. - søndag 20. oktober

♣ Os ungdomsskule

♦ Open-, rekrutt- og knøtteklasse

♣ Gratis overnatting på skule

♦ Medaljer til vinnarane

♣ Aktivitetar og mykje moro

Live oppdatering frå turneringane på

**bridge.no**

## Junior-NM for par 2024

Os juniorbridgeklubb i samarbeid med Norsk Bridgeforbund innbyr til Noregsmeisterskap for junior 2024. Vi håper på ei flott turnering med stor deltaking.

Informasjon om turneringa finn du i innbydinga her. Etterkvart kjem det oppdatert informasjon om arrangementet på [juniorbridge.no](http://juniorbridge.no).

Gjer avtale med makker og meld deg på alt idag. Vel møtt til ei triveleg bridgehelg på Os 18. - 20. oktober.



**Os juniorbridgeklubb**



## Nyttige telefonnummer

### **Leiar Os juniorbridgeklubb**

Tarjei Vangdal 959 05 345

### **Turneringsleiar**

Morten Eide 934 47 880

### **Ansvarleg for junior-NM frå NBF**


Gunn Tove Vist 976 56 658

## Korleis reisa til Os?



Flesland flyplass er næraste flyplass. Frå flesland kan du ta bybanen til Nesttun (eller Bergen) og buss derifrå. Linje 600. Gå av i Os sentrum.

Ta tog til Bergen stasjon. To minuttar å gå derifrå til Bergen busstasjon. Linje 600 går frå perrong L.



Om du kjem sørfrå ligg Os ca 10 minuttar frå ferjeleiet på Haljem. Kjem du frå nord kan køyra den heilt nye E39.

## Overnatting

Alle som ynskjer kan overnatta gratis på Os ungdomsskule. Ynskjer du høgare standard er Bjørnafjorden hotell eit godt alternativ. Vi har reservert 30 rom her fram til 31. august. Prisar frå kr. 895.- pr person/døgn i dobbeltrom inkl. frokost. Kan bestillast på 56 30 40 40.



## Påmelding

**Open klasse** er open for alle medlemmer av NBF fødd 1999 eller seinare. Puljen er tilpassa dei mest rutinerte juniorane. Turneringa går over ca 80 spel. Pris pr. par er 600.- Påmelding via NBF sin påmeldingsmodul. Startkontigent kan vippast til #11161 Norsk Bridgeforbund, NM junior. Merk betalinga med namn.

**Rekrutt** er open for alle medlemmer av NBF fødd 1999 eller seinare. Ingen av spelarane i paret kan ha oppnådd ruternål eller høgare. Puljen er tilpassa dei litt mindre rutinerte juniorane. Turneringa går over ca 50 spel. Pris pr. par er 200.- Påmelding via NBF sin påmeldingsmodul. Startkontigent kan vippast til #11161 Norsk Bridgeforbund, NM junior. Merk betalinga med namn.

**Knøtteklassen** er open for alle medlemmer av NBF fødd 2012 eller seinare. Ingen av spelarane i paret kan ha oppnådd noko nål. Puljen er tilpassa dei aller ferskaste juniorane. Turneringa går over ca 25 spel. Pris pr par er 100.- Påmelding via NBF sin påmeldingsmodul. Startkontigent kan vippast til #11161 Norsk Bridgeforbund, NM junior. Merk betalinga med namn.

## Reisestøtte

Deltakarar med over 200 km reiseveg t/r får flat reisestøtte frå NBF på 600 kr.

## Program

### Fredag 18. oktober

16:00 Skulen opnar. Innkvartering på klasseromma

19:00 Mat og bridgespeling

### Laurdag 19. oktober

08.00 - 09.55 Frokost i kantinen på skulen

10:00 Ordførar Terje Søviknes opnar arrangementet

10:15-14:15 Sesjon 1

14:15-15:00 Lunsj

15:00-18:30 Sesjon 2

Etter spelinga blir det pizza, kahoot mm i Ung Arena.

### Søndag 20. oktober

08.00 - 09.55 Frokost i kantinen på skulen

10:00-12:00 Sesjon 3

12:00-12:30 Lunsj

12:30-14:30 Sesjon 4

14:45 Premieutdeling

Rekruttpuljen og knøtteklassen speler færre spel, men prøver å følgja samme tidsskjema som NM junior.

Med atterhald om at det kan bli endringar i tidsskjemaet

## Snapchat


Oppdateringar gjennom heile helga på NBF`s snap

# Takk til alle støttespelarane våre!



Os Sanitetsforening  
Kløvertun

**Bufdir**  **FRAMO**  
an Alfa Laval brand



 SparebankenVest

**REMA 1000**

Moberg

**BJØRNA  
FJØRDEN**



KOMMUNE